



Artistane Hans Gustav Musstrand, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal omtalar seg sjølve som Tre rustne menn.

Det er ei årleg hending når Hans Gustav Musstrand, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal inviterer til Allsong i Sjøkanten på restauranten OSKA. Med kjende og sangbare tekstar i eit maritimt miljø, ligg alt til rette for eit vellukka arrangement. Frammøte er som vanleg godt og med Roy Lervåg som vertskap og med sine gode kaker og kaffi må alt bli perfekt.

Tekstane er for meste henta frå det som vert rekna som god allsong, sjømannsviser og slagere frå 1960 talet. Maritime tekstar som handlar om hurtigruta og lokal rutefart høyrer med. Songen Fanaråken av Bjørn Helge Pedersen var ny for mange. Melodien er enkel, har appell og vart, som vi venta, godt motteken.

Evert Taube høyrer med i eit allsongprogram på sommaren. Flickan i Havana er mest brukt, men mange kjenner også Ellinor dansar og Maj på Malø. Midnattstango er ein god slager og med tyske vener i salen, er denne framføringa alltid like vellukka.

Den lokale teksten denne gongen var Elegi til Uskedalselva av Svein Rimestad, ei form for skillingsvise inspirert av den amerikanske folkesongen The Banks of the Ohio.

Det er viktig å få fram at ein ikkje treng venta eit år på neste allsong. Den siste tysdagen i månaden er det nemleg Allsong på Kafe Tiaren med tekstane viste på skjerm.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kjell Yri



Det er som vanleg alltid godt frammøte på Allsong i Sjøkanten på OSKA.